

Referat frå styremøte i Hordaland Folkemusikklag torsdag 15.12.022

Til stades på Teams: Per Øyvind Tveiten, Åslaug Timenes Bell og Ingrid Sørheim, kl. 21:40.

1. Gjennomgang av oppdateringar etter førre møte.

2. Hordakappleiken 2023

Den blir 18. februar på Voss. Sjokoladekappleiktipset frå Åshild for effektivisering: at alle borna frå same lag kjem opp på scena samstundes, framfører etter tur og får felles applaus. Det er også viktig at sjokoladekappleiken får hovudscena og god plass.

3. Dommaroppsett

Me finn 3-4 domarar som dømer alle klassar. Kan ha i bakhovudet at me ikkje bør bruka opp alle ressursane no – me treng dei til Vestlandskappleiken. Kan det vera ein ide å ha vandrepremie på VLK? Me må tenkja på korleis me løyser det med gjesteklassar.

4. Jubileum for HFL 40 år

Festmiddag og dansefest på laurdagen, arrangør ynskjer ikkje meir enn ein dag med hendingar. Invitasjonen må ut rett over nyttår, og me kjem tilbake med detaljane. 40-årsmarkeringa blir ein to timars middag med enkel servering med musikalske innslag og talar.

5. Innkomne søknader

Det er betalt ut midlar til dei me har fått rapportar frå, men me manglar ein del rapportar. Neste tildelingsrunde er 1. februar.

6. Vestlandskappleiken 2023

Me er i god gjenge. Det er etablert ei arbeidsnemnd mellom laga i Bergen, der Marit Kvamen (leiar i Bergen ungdomslag Ervingen) er leiar. Dei reknar med å ha eit møte med Folkorg v/ Ann Helen Erichsen 15. januar.

7. Samordning av områdelaga

Det er utarbeidd eit framlegg til samarbeidsavtale mellom HFL og SFFL som vert sendt ut til laga etter nyttår, og som vert lagt fram som sak på årsmøtet. Tips om å ha god kontakt med laga i Møre og Romsdal.

8. Årsmøte 2023

Forslag om årsmøte 12. mars.

Møtet slutt kl. 22:35.